



Prosjektplan

BSV ved Høgskulen på Vestlandet

Kort om prosjektet:

Målsetjinga med prosjektet er samordne BSV-utdanningane i HVL. Felles for Campus Bergen og Campus Sogndal er bachelorutdanningar i sosialt arbeid og vernepleie. Ved Campus Sogndal har vi i tillegg bachelor barnevernspedagog. Utdanningane skal samordnast på tvers av studiestadane, samtidig skal lokal profil og utdanningane sine fagspesifikke trekk ivaretakast.



Prosjektansvarleg: Dekan Randi Skår

Prosjektleiar: Cecilie Thaulé Løvlid

OU-støtte: Gro Nesheim



1: Mål og rammer

Bakgrunn

Som del av oppfølginga av NOKUT-tilsynet og målsettingar i fusjonsplattforma sett vi no i gang eit pilotprosjekt for samordning av barnevernspedagog, sosialt arbeid og vernepleie (BSV) utdanningane ved HVL. Arbeidet vil vere i tråd med politiske mål og reguleringsprinsipp for alle helse- og sosialfag utdanningar. Det er opparbeidd gode forbindelsar mellom utdanningane i Bergen og Sogndal gjennom mange år.

Konklusjonar i tilsynsrapportane

Alle utdanningane er vurdert i høve 11 utvalde kriterium frå studietilsynsforskrifta. Sakkunnige har utarbeidd *må*-punkt og *bør*-punkt i høve desse kriteria. Frå Campus Bergen og Campus Sogndal er det sendt tilsvar frå utdanningane som viser til forbetringar på utvalde tema, vitenskapsteori og metode. Tilsvara viser til tilsynet og er startpunktet for arbeidet som skal gjerast i prosjektet.

Pålegg til dei ulike utdanningane i HVL

Ved Campus Sogndal har alle dei tre utdanningane fått mange *må*- og *bør*-punkt. Ved Campus Bergen har bachelorutdanninga i vernepleie fått mange av dei same tilbakemeldingane som ved Campus Sogndal. Alle punkta som er påpeika må jobbast med for å oppfylle studietilsynsforskrifta. I vidare arbeid med nye studieplanar vert det samarbeidd om å auke kvaliteten i høve tilbakemeldingane frå NOKUT samt føringane frå nasjonale retningsliner.

NOKUT påpeiker m.a. at vi i arbeidet med studieplanar må:

- gjere eit større arbeid med studieplanane
- arbeide med revisjon av læringsutbytteomtalane
- styrke innhaldet av vitenskapsteori og forskingsmetode
- revidere pensum og inkludere internasjonale vitenskaplege artiklar
- utvikle og formalisere samarbeidet med praksisfeltet og kvalitetssikre praksisrettlearar sin kompetanse

Enkelte av desse punkta har fagmiljøet ved begge campus allereie byrja forbetningsarbeidet. Dette tek vi med oss inn i arbeidet med nye og forbetra studieplanar.



2: Styring, organisering og arbeidsform

Mandat

Prosjektet vert gitt i oppgåve å ferdigstille studieplanar i BSV-utdanningane i tråd med den nye nasjonale forskrifta og det nye styringssystemet. Det skal utarbeidast ei prosjektskisse som gjev oversikt over dei viktigaste aktivitetane og fristane i arbeidet. Dei ulike prosessane skal bidra til at HVL sitt studietilbod held eit høgt fagleg og pedagogisk nivå, vidare at HVL oppfyller sitt samfunnsoppdrag og eigne strategiske planar. Dekan gir styringsgruppa i oppgåve å utvikle gode prosessar for å ferdigstille nye studieplanar for BSV-utdanningane ved HVL med iverksetjing frå august 2019.

Utdjuping av mandat

Sidan februar 2017 har utdanningsleiarar, instituttleiarar og ein representant frå OU-prosjektet vore involverte i eit forprosjekt. Gruppa har i møter gått igjennom og føreslått ei prosjektorganisering.

I arbeidet med utvikling av nye studieplanar skal det opprettast ei styringsgruppe og ei referansegruppe. Under er det skildra korleis vi tenkjer samansetning og ansvar.

Ny dekan er prosjekteigar og godkjenner samansetning av styringsgruppe og referansegruppe. Prosjekteigar har ansvar for tilsetting av prosjektleiar etter intern utlysing. Prosjektet startar opp 1.8.2017 og avsluttast 1.7.2019

Samansetning av og ansvar for til styringsgruppa og prosjektleiar.

Prosjektet er organisert med styringsgruppe, referansegruppe og tilsett prosjektleiar i 75% stilling. Styringsgruppa har hovudansvaret for gjennomføring av prosjektet.

Prosjektleiar har ansvar for den daglige drifta og kommunikasjon mellom styringsgruppe, referansegruppe og prosjekteigar (dekan). Styringsgruppa har det faglege ansvaret for prosjektet.

I forbindelse med prosjektførebuinga konstituerte styringsgruppa seg sjølv.

Instituttleiar ved institutt for sosialfag og vernepleie i Bergen, Svanaug Fjær, vart valt til leiar.

Styringsgruppa består elles av :

- prosjektleiar
- ansvarlege for kvart utdanningsprogram ved kvar Campus



- instituttleiarar
- tillitsvalde: to frå dei største organisasjonane – fordeling mellom Campus
- studentar: tre studentar – ein/ei frå kvart program – fordeling mellom Campus

Styringsgruppa har ansvar:

- for å sikre at prosjektet vert styrt i høve til mandat, framdriftsplan, nødvendige avgjerder
- for å etablere arbeidsgrupper som skal arbeide med det faglege innhaldet i studieplanane

Prosjektleiar har ansvar:

- for å vere bindeledd mellom styringsgruppe, referansegruppe og prosjekteigar
- for den daglege drifta av prosjektet
- å vere sekretær for styringsgruppa og referansegruppa
- for framlegg og saksførebuing for referansegruppa og styringsgruppa
- for rapportering til leiar av styringsgruppa

Prosjektleiar jobbar tett med leiar for styringsgruppa, og kan hente inn innspel frå andre i organisasjonen.

Faggruppene som skal opprettast må ha ein leiar som kommuniserer tett med prosjektleiar. Prosjektleiar er ikkje sekretær for faggruppene. Prosjektleiar hjelper til med å skaffe relevante dokument.

Samansetning av og ansvar til referansegruppa

Referansegruppe består av:

- Eksterne representantar – ein frå kvar utdanning – 3 personar
- Praksisfeltet – to frå kvar utdanningsretning – tenesteytarar – 6 personar
- Ein administrativ tilsett – 1 person
- Leiar i styringsgruppa – 1 person
- Prosjektleiar – er sekretær – 1 person

Ansvar til referansegruppa:

- Referansegruppa er rådgjevande organ
- Skal ha eit eksternt blick

Møtefrekvensen må samordnas med milepælsplanen



Målsetting for «Prosjekt samordning studieplaner BSV»

NOKUT-tilsynet formulerer fleire kvalitetsstandardar som utdanningane skal oppfylle.

Det gjeld til dømes undervisning i vitenskapsteori og metode, internasjonalisering og vitenskapleg kompetanse hos dei tilsette. Vi kan forvente at dei nasjonale retningslinene vil følgje opp dette, og det må vi ta omsyn til.

Vi skal ha eit breiare og betre tilbod, og studieplanane skal verte så like at vi kan dra ut synergjar og nytte staben på tvers av studium og campus. Samtidig skal lokal profil, utdanningane sine fagspesifikke trekk og etablerte kvalitetar, som allereie ligg til utdanningane og studiestadene, ivaretakast.

Følgjande prinsipp er retningsgivande i fyrste fase av arbeidet:

- Progresjon i studieplanane
- Likt læringsutbytte på programnivå på sosialt arbeid og vernepleie
 - Muligheit for lokale variasjonar på emnenivå
- Lik emnestruktur
 - Like store modular -15sp som retningsgivande storleik på emne gjennom heile studieløpet
 - Lokale variasjonar
- Same mobilitetsvindaug
 - Studentane må kunne nytte internasjonale tilbod på tvers av campus
 - mobilitet
 - internasjonal mobilitet (inn- og utreise)
 - regional mobilitet
- Valemne i same semester slik at studentane kan velje på tvers av Campus
- Praksis og praksisperiodar
 - Det må greiast ut ev. konsekvensar ved å gjennomføre praksis på same tid (sjå til: praksisprosjekt i regi av UHR)
- Avklare kva som er dei lokale behova, jf. fusjonsavtalen «*Høgskulen på Vestlandet skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profiler etter eigenart og lokale behov*»



3. Hovudaktivitetar

Aktivitet
Milepæl

2017

Mnd. År	Dato	Aktivitet	Mål	Deltakarar	Tidspkt. for leveranse
Feb. 2017	24.2	Notat til HVL-styret	Informasjon om NOKUT	SF og AGN	
Mai 2017	15.5	Arbeid med struktur, ansvar og framdriftsplan	Utkast	Utd.- og instituttleiarar	
			<i>Barnevern</i>		
			<i>Sosialt arbeid</i>		
			<i>Vernepleie</i>		
Juni 2017	20.6	Heildagsmøte i Bergen		OU, utd.- og instituttleiarar	Referat og oppsummering
		Prosjektorganisering		HTV, dekan, utd.- og instituttleiarar?	

Mnd. År	Dato	Aktivitet	Mål	Deltakarar	Tidspkt. for leveranse
Aug. 2017	15.8		<i>Barnevern</i>	B og S saman om praksis og mobilitet	Oversikt og struktur på begge studiestader
	15.8		<i>Sosialt arbeid</i>	og lokal eigenart	
	15.8		<i>Vernepleie</i>	på tvers av praksis, mobilitet m.m.	
	20.8	Interim-styringsgruppe Skype-møte 9:00-11:30	Hovudstruktur Tverrgående tema Framdrift	Styringsgr. OU-prog. Dekan?	Oppnemning styringsgruppe og ref.gr. Info om prosjektleiar

Mnd. År	Dato	Aktivitet	Mål	Deltakarar	Tidspkt. for leveranse
Sept. 2017		Tilbakemelding til NOKUT	Svar frå Campusane separat. Gjensidig informasjon	Utd.- og instituttleiarar	1.10.2017
	6.10	Møte styringsgruppa Skype	Arbeid med prosjektplan-innspeil	Styringsgruppa med tillitsvalde og studentrepresen tantar Prosjektleiar og OU	



Okt. 2017	23.10		Utkast ferdigstilling av prosjektplan	Prosjektlear Leiar styringsgruppa	23.10.17
	V.43 26.10 27.10	Møte i styringsgruppa Voss	-Vedta/justere prosj.pl. -Faggrupper -Ref.gr. -Ny forskrift -Mandat til arb.gr på tvers av utd. Internasj. og vitsk.teori/ metode/ bach.oppg.	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear	31.10.17
	V.45	BSV-utdanningane	Framlegg til struktur i utd.	Prog.ansv/utd.leiarane	31.1.18
	V.46 13.11.	Arbeidsgrupper på tvers -Internasjonalisering -Vitskapsteori, forskingsmetode og bacheloroppgåve		Arbeidsgruppe på tvers av utdanningane	31.1.18
Nov. 2017	V.47 22.11	Møte i styringsgruppa Skype – vurder behov Prosjektlear jobbar i Bergen 22. og 23.11		Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
	V.47 23.11	Samansetjing referansegruppe	Etablere ref.gr og avtale møtepkt.	Leiar styringsgruppa og prosjektlear	20.12.18
Des. 2017		Oppfølging av arbeidsgruppene		Prosjektlear	

2018

Mnd. År	Dato	Aktivitet	Mål	Deltakarar	Tidspkt. for leveranse
Jan. 2018	V3.	Møte styringsgruppa Skype	Status i arbeidet	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
Feb. 2018	V.5 1.2	Første runde med høyring i fagmiljøet			28.2.18
	V.6	Møte styringsgruppa Skype		Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
	V.7	Første møte referansegruppa Bergen	Innspel til arbeidet i faggr. og studie-område	Ref.gr, leiar styringsgr. og prosjektlear	12.2.18
	V.7	Møte styringsgruppa Bergen	Arbeide med framlegg til struktur utd. Mandat til arbeidsgr. for praksis og tverr	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	15.2.18



			prof.profil/ digitalisering		
Mars 2018	V.9 1.3	Arbeidsgrupper på tvers -praksis -tverr prof. Profil -digitalisering?		Arbeidsgrupper på tvers av utdanningane	13.4.18
	V.14	Oppfølging av arbeidsgruppene		Prosjektlear	
	V.12	Møte styringsgruppa Skype		Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
April 2018	V.16	Møte styringsgruppa Skype	Ser på arbeidsgr. Sitt arbeid	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
	V.17	Første runde med høyring i fagmiljøet			16.5.2018
Mai 2018	V.21 24.5.	Møte styringsgruppa Skype	Arbeidsopp-gåver til work-shop	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
Juni 2018	V.25	Workshop BSV-utd. Sogndal	Presentasjon av arbeidet så langt. Faglege innspel	Alle tilsette BSV-utdanningane	
	V.25	Møte styringsgruppa	Oppsummering av work-shop Systematisere innspel	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
Sept. 2018	V.36/ 37	Møte styringsgruppa	Klargjering for høyring	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektlear og OU	
	V.37	Andre møte referansegruppa Stad vert avgjort ved eit seinare høve	Innspel til arbeidet	Ref.gr, leiar styringsgr. og prosjektlear	
Okt. 2018	V.41 ev. V.42	Møte styringsgruppa på Voss	Bearbeide innspel frå høyringa		
Nov. 2018	1.- 15.11	Skrive endelege studieplanar BSV Kvalitetssikring (NKR og Studietilsynsforskrifta)		Prog.ans./utd.leiar Prosjektlear	15.11.18
	V.47/ 48	Oppsummering/ sluttrapport og arbeide fram sak til styre.		Prosjektlear, leiar styringsgruppa og dekan.	
Des. 2018	V.50 el.51	Vedtak og godkjenning i styret		Styret HVL	



2019

Mnd. År	Dato	Aktivitet	Mål	Deltakarar	Tidspkt. for leveranse
		Møte styringsgruppa	Avslutning og oppsummering	Styringsgruppa med tillitsvalde og stud.rep. Prosjektleiar og OU	
		Publisering av nye studieplanar			15.3.2019

5. Risikovurdering

5.1. Kritiske suksessfaktorar

Erfaringar frå andre liknande prosjekt syner at det er avgjerande å ha ein god prosjektplan og stram struktur på arbeidet, samtidig som det vert gitt rom for høyringar og tilbakemeldingar. Vidare, dersom vi skal lukkast i arbeidet må vedtak som vert fatta respekterast for å hindre omkampar og at prosjektet drar ut i tid.

5.2 Risikovurdering

Kritisk suksessfaktor	Utfordring	Moglege konsekvensar	Tilrådingar
Tid og ressursallokering	<ul style="list-style-type: none">- tid til prosessane- moglege omkampar etter vedtak og eskalering av tid	<ul style="list-style-type: none">- god tid kunne gjort sluttresultatet betre	<ul style="list-style-type: none">- Klar tidslinje med høyringsrundar- Eskaleringsnivå må ha god kjennskap til problemstillingar
Struktur for avgjerder	<ul style="list-style-type: none">- uklar avgjerdsline- vedtaksmynde	<ul style="list-style-type: none">- verdifull tid går tapt	<ul style="list-style-type: none">- Avgjerdsstrukturen må vere avklart før prosjektet starter- Dokumentere avgjersler og avklaringar- Vedtaksmynde bør delegerast
Samansetning av grupper	<ul style="list-style-type: none">- Storleik og samansetning	<ul style="list-style-type: none">- For store grupper kan gjere arbeidet omstendeleg- For små grupper kan hindre deltaking	<ul style="list-style-type: none">- Utvalskriterium må gjerast kjent i organisasjonen og skape tillit- Små grupper med mynde til å ta avgjersler (sjå teikning)



Møter og sosiale faktorar, tillit og kultur	<ul style="list-style-type: none">- Nok fysiske møter- Samle folk	<ul style="list-style-type: none">- Dårlig eigarforhold til arbeidet-	<ul style="list-style-type: none">- Behov for fysiske møter- Bli kjent- Oppstartseminar- Work-shop
Fristar, planar og eksterne faktorar	<ul style="list-style-type: none">- Avklaring på nasjonale føringar ligg fram i tid	<ul style="list-style-type: none">- Må gjere arbeidet oppatt	<ul style="list-style-type: none">- Følgje opp nasjonale føringar, framlegg som kjem 1. mars.- Gode planar og klåre fristar- Identifisere viktige fristar

6. Økonomisk ramme og finansiering

Ressurs til prosjektleiar i 75 % stilling til 1. juli 2019

I tillegg er det behov for ressursar til fagleg utvikling

- 4 møter a 2 dager – styringsgruppa (7 pers): 420 timer
- Ei arbeidsveke for 4 faggrupper med 4 personer: 600 timar
- X tre semester = Ca 3000 arbeidstimer

Vi vil i prosjektet i stor grad nytte Skype-møter, men søkjer om kr.300.000 til reiser, workshop m.m. Vi søkjer om støtte til dette fordi all erfaring tilseier at fysiske møter er viktig i slike prosessar som vi no skal inn i.

Det er berekna eigenandelar når det gjeld arbeidstimar til arbeid innan fagmiljøa mellom styringsgruppemøta.